

To av årets sjangerblandingsprosjekt i norsk musikk får utløp i nedtona uttrykk. Det eine har større sprengkraft enn det andre. Kva skapar eigentleg eit godt sjangermøte?

# Når musikarar krysser grenser

**F**ørnesbrunen er hesten som frakta livlause kroppar til nabobygda under svartedauden. Åleine, og heilt til siste mann. For den som kjenner historia og slåtten om Førnesbrunen er uttrykket tid- og stadfesta. Når Knut Hamre framfører den stolte, sørgmodige gangaren på ei hardingfele frå 1700-talet, ei av dei eldst bygde i Noreg, vert tid og stad søkt meir etablert. Det plasserte vert vesentleg i stykket.

Nils Økland sin komposisjon 5736 tonar inn rett etter og opnar nye rom. I tittelen finst postnummeret til Granvin. Men det geografiske vert rykt i og forskyve. Instrument frå ulike tradisjonar, men frå same perioden – gambe, tympanon, viola d'amore og hardingfele – er sett side om side. Dei ulike vektingane dei i mellom, ja berre det at dei spelar i lag, skapar ei kjensle av utvida tid og stad.

*Anima* er full av slike møte mellom 1600-talets kunstmusikalske repertoar og folkemusikken, med deira tilhøyrande instrument. Det opphavlege på eine sida, eit flettverk på andre. *Anima* tyder sjel, og det sterke ved innspelinga handlar om korleis det menneskelege og kunstnarlege er mangfaldig, vevd over periodar, i solo- og samspel. I det stemningane glid forbi – ei engelsk harpe, ein fransk dans, ein norsk slått – vert det slik initiativtakarane Benedicte Maurseth og Knut Hamre skriv i omslagsheftet: Det som er gamalt blir nytt, og det som er nytt blir gamalt.

## Less is more

Folkemusikken er utgangspunkt òg for eit anna sjangersamarbeid i år. Jazzpianist Bugge Wesseltuft og klassisk fiolinist Henning Kraggerud har funne kvarandre i norske songar og tonar, ofte slik dei er innarbeidd i den klassiske tradisjonen. Det nasjonalromantiske er springbrett, men tolkingane er fritekne frå store romantiske arrangement. I staden har ein søkt til enkle detaljar og ein nokså reinskoren harmonikk.

Slik handlar mykje i prosjektet om klang og stemning, og både Wesseltuft og Kraggerud får synt kva evner dei har som melodiske formidlarar. Dei ulike instrumenta til Kraggerud skapar fin variasjon. Bratsjen han har fått konstruert, ein viola concorda, har tilføyd ein ekstra streng og gjev utvida omfang i djupna. Same om det mørke eller lyse er forande vel utøvarane frå starten å skapa duse og luftige stemningar. Motet til å opna klangen mot det skjøre er eit kjenneteikn: *Last Spring* er kulturarv med element frå fleire sjangrar fletta saman, heilt stillferdig.

## Mangfaldige møte

Omgrepet sjangerblanding er omfattande. Går ein djupt nok ned, kan ein spørja seg kva musikk som ikkje har ved seg ein eller annan slags miks av uttrykk, som ikkje har vakse fram frå

## Fakta

### Dei to nye platene

#### *Anima*

- Knut Hamre, Benedicte Maurseth, Nils Økland, Philippe Pierlot og Elisabeth Seitz Heilo, 2012

#### *Bugge & Henning Last Spring*

- Henning Kraggerud og Bugge Wesseltuft ACT, 2012

møte. Dei to nytgjevingane er då òg basert på fortidige sjangermøte. I *Last Spring* vil du finna at Grieg sine akkordar stadig lurer i bakgrunnen. Den omfattande innlemminga hans av norsk folkemusikk i kunstmusikken gav opening for ei ny harmonisk tenking.

I vår tid snakkar me gjerne om sjangerblanding når utøvarar til med kompetanse frå ulike stilartar møtest. Behovet for å vida horisonten i eit spesialiseringssamfunn, for å skapa nytt, kan vera motivasjonen for slike samarbeid. Ynsket om å nå lenger med musikken og tradisjonen ein forvaltar er ein annan.

Øg møta fengjer interessa vår. Eit sjangermøte var inngangen til norsk musikk for Fiona Talkington, BBC-journalisten som er heidra for den omfattande formidlinga si av norsk musikk. I hennar tilfelle var det møtet mellom Jan Garbarek og The Hilliard Ensemble som vekte interesse, medan døra til den norske folkemusikken vart opna av Jan Garbarek og Agnes Buen Garnås og det skilsetjande albumet *Rosensföle*.

## Mellom utøvar og verk

Men sjangermøta kan også vera meir. Ein kan sjå dei i det reint kompositoriske. Eit relativt nytt døme er Tori Amos sitt album *Night of Hunters*, der popstjerna byggjer musikken sin over stykke av klassiske komponistar. Som lyttar må du anstrenge deg for å høyra kva musikk ho har lagt til grunn. Kan henda finn du det ikkje. Kan henda registrerer du berre kor tett songane er arrangert for klassiske instrument. Uansett er kryssninga direkte årsak til uttrykket som føreligg.

Ein kan òg sjå sjangermøte mellom utøvar og verk. Eg har høyrte Leonard Bernsteins opera *Candide* i tolkingar av operasongarar og musikalsongarar, og plasserer gjerne verket i kategorien opera eller musikal avhengig av kven som utøvar det. Luciano Berio sine *Folk Songs* er i seg sjølv eit sjangermøte, i det folkesongar frå ulike land vert plassert i ein nyare kunstmusikkramme. Endå eit lag vert tilført om ein folkesongar framfører dei i staden for den klassiske.

Folkesongar Unni Løvlid er mellom dei som har tolka songane: Får du sjansen til å høyra henne formidla dette repertoaret – gjer det! Endå større kryssning oppstår når Løvlid dristar seg inn på Arnold Schönbergs *Pierrot Lunaire*. I møte mellom standardrepertoaret i den klassiske tradisjonen og ein utøvar som komponisten ikkje kunne føresjå at ville tolka det, vert konteksten opna for kva verket kan vera. Verket vert utfordra, og på sitt vis skapt på nytt.

Sjangermøte er så mangt. Men når fungerer dei?

## Ein eigen dimensjon

I einkvar stor oppleving finst ein slags motstandens estetikk, skreiv målarer Håkon Bleken i denne avisa ei tid attende. Hans eigne døme rørde ved kroppslig hindring, den fysiske innsatsen til ein tilårskomen dirigent skapte ein

eigen dimensjon for Bleken si lytting. Bleken peikte òg på kunstnarar som i sin virtuositet møter ei utfordring: Han må bryta med sin tekniske og formmessige eigenskapar for å skapa ei særprega oppleving.

Ser eg nærare på dei sjangeroverskridande prosjekta som verkeleg har blitt ståande, er det gjerne slike som har komme til i ei brytning, der utøvarane har tilført uttrykket sitt ein motstand, eller oppnådd det ved motstand. Det er gjerne uttrykk som oppsto før ideen i dei var ferdig artikulert. Før mange har prøvd dei, før defineringa av uttrykket var gjort, og før det var forsøkt gjenteke. Det tyder ikkje at repetisjonen i seg er av det vonde. Ofte handlar dei om gjentakning, men i ei anna ramme enn den vande.

Dei beste prosjekta, meiner eg, finn stad når dei medverkande ikkje har gått på akkord med sine kunstnarlege uttrykk. Somme gonger har dei ikkje tilpassa det i det heile. Måten Hilliard-ensemblet sine gregorianske chants står urørte i *Officium* er essensielt for at uttrykket vert så sterkt.

Dei to sjangerkryssande utgjevingane eg har lytta her til er begge prega av stille. Sjølv om det neppe er eit generelt trekk, er mange gode sjangerblandingar langsame. I musikk der tidsomgrepet er utfordra, vert det ofte rom for detaljar, for gå i djupna – og for å plassera ulike element i lag.

## Motstanden i musikken

Men den avgjerande kvaliteten for meg er knytt til motstanden musikken gjev meg som lyttar. Ikkje nødvendigvis tenkt i form av kompleksitet, men i tilnærminga får meg til å spissa øyro. Eg søker innspelingar som opnar uttrykket, som gjer det kjende verd å lytta til på nytt.

Det er dette eg held meg til om eg skulle velja ein av dei to nye utgjevingane, og som gjer at eg tykkjer den eine har større sprengkraft enn den andre. *Anima* bed heile tida om merksemda mi. Eg vert utfordra når Philippe Pierlot på gambe bryt av Knut Hamre sin springar med eit stykke frå tidleg 1600-tal og let meg sjå kor nært dei to heng saman. Eller når Nils Økland syner den fantastiske evna si til å bringa element frå begge verder saman. Resultatet er ei stadig opening mot musikken.

*Last Spring* inneheld òg slike vare og opnande detaljar. Materialet toler reduksjonen, har godt av å bli avkledd. Likevel opplever eg ikkje eit like gjennomført løft i dette prosjektet. Kan henda er det ikkje avkledd nok, idet ein litt for ofte vender attende til det nasjonalromantiske. Ein går frå det skjøre og duse til det brått konkrete, og luggar i magien.

Kva som etterkvart vert ståande, er ei anna sak. Me møter musikken ulikt. Meninga med sjangerblandingsprosjekt er uansett at ein strevar ut av kategorien, den etablerte oppfattinga av ein bås. Det i seg sjølv er òg ein kvalitet.

**Ida Habbestad**



Den klassiske fiolinisten Henning Kraggerud og jazzfenomenet Bugge Wesseltoft fann tonen over eit knippe norske folketonar - og ein dash Brahms. FOTO: SIGGI LOCH